

Helge Sandøy

Bjørnsundingen og øyamannen – korleis snakkar dei?

Dialektane er allstad noko for seg sjølv, fordi dei er ei blanding av andre dialektar. Dei er alle overgangsdialektar. For romsdalsk er dette svært tydeleg, for denne dialekten har nokre drag som er rekna for typiske vestnorske, og andre som er typisk austnorske eller trønderske. Motsetninga mellom sunnmørsk og nordmørsk er stor, og imellom ligg romsdalsk som eit kompromiss.

Samanlikna med dialekten i andre regionar av landet, er romsdalsk svært einsleta – frå inst i fjordane til ytst i havet. Me som kjem her ifrå høyrer sjølvsagt forskjellen, og me legg vekt på han. Men i den større samanhengen er han så liten at andre merkar han knapt. Denne likskapen over ei så lang strekning fortel om ein sterk og gammal kulturell fellesskap som har rådd i fogderiet vårt. Mange frå dei ytre bygdene reiste nok innover på romsdalsmarknaden, og fjordamannen kom utover for å vere med på sesongfisket. Dermed kunne dialekten utviklast nokså likt i dei mange bygdene.

Likevel er det mogleg å oppdage i dialektlandskapet korleis kontaktar utover fogderigrensene har gått i ulike retningar rundt om i bygdene, slik at det har laga seg dialektgrenser innafor fogderiet. Korleis det ser ut på romsdalsøyane skal me ta for oss her.

Dei store grensene

Når me seier at romsdalsmålet eigentleg er ein vestlandsk dialekt, er det fordi det har endinga *-e* i ord som *å bere* og *ei veke*, altså i infinitivar og i svake hokjønnsordet – som det heiter i grammatikken. Slik er det hos sunnmøringane au at dei held seg konsekvent til *-e*, mens nordmøringane har fleire endingar og seier *å bærra*, *ei vekka* eller *ei vøkku*, *å hærje* og *å kast*.


Derimot skil me oss frå sunnmøringane med av me brukar tjukk l. Dei seier *Ola*, mens me seier *Oļa*, slik nordmøringane gjer. (Teiknet *ļ* makerer altså tjukk l.) Dette gjeld til og med Finnøya. Så langt seier folk: *en haļv kaļv ligg i æļven å fļyt på ei fjøļ*. Harøya har ikkje fått tjukk l, slik at Sandøy kommune har vore delt i dette språkdraget. Med dei nye kommunegrensene frå 1964 blei ein del sunnmørske bygder utan tjukk l lagt til Romsdal, nemleg sørste delen av Harøya, dessutan Dryna og søre delen av Mia. Folket der vil nok i mange generasjonar likevel halde på det sunnmørske *ein halve kalv ligge i elviņe å flyte på ei fjøl*.

Dei som har tjukk l, har au ein del andre tjukke lydar når denne tjukke l-en smeltar saman med ein *t*, *d*, *n*, *l* eller *r*, som f.eks. i ordet *måltid*, som er uttalt med ein tjukk *t*, og *juldag* med tjukk *d*: *māļi* og *judag*. (Prikken under bokstven markerer tjukk uttale.)

Området med tjukk l har au hatt eit anna særdrag saman med nordmørsk: Me har skilt mellom *tjukke* og *halvtjukke* lydar. Dette er ein ørfin nyanse som folk andre stader ifrå

har problem med å ta. Romsdalingar som er fødd før 1970, brukar å seie ordet *kvardag* med ein spesiell *rd*-lyd i midten som verken er lik *ʔd*-lyden midt i *juldag* eller er ein *r* + ein *d*. Denne spesielle *rd*-lyden er kort og godt ein *halvtjukk d*. Den «heiltjukke» *d*-en ville me ha brukt om me skulle markert spesielt den dagen me f.eks. åt kvalkjøtt med å kalle han *kval-dag*. Det ville blitt uttalt som *kvadag*. Dermed er romsdalingane så avanserte at dei skil mellom *kvardag* og *kvaldag*, og mellom ei mengd andre ord som er skrivne med *r* eller *l*. Det gjer ein ikkje i austlandsk og trøndersk.

Men snart må me seie at dei *var* så avanserte. Bygdeungdommar fødte etter 1970 har ofte ikkje fått med seg dette, slik at dei uttalar *kvardag* og *kvaldag* likt, og dei seier *følgd* og *ført* likt. I bymålet har ikkje eingong eldre denne forskjellen. Litt underleg er det at det ser ut som bjørnsundingane har gått over til å uttale *ført* og *følgd* likt ein liten



Kart 1: Fleirtal av svake hokjønnsord. (Eks.: *to vekå*)


generasjon tidlegare enn andre i distriktet.

To krone seier sunnmøringane, og det seier faktisk au folk i Sandøy kommune og dei fleste i Midsund (og dessutan i Tomrefjorden). Men bjørnsundingane held lag med folket på fastlandet og seier *to vekå*, *nåkre hyså*, *store skutå*. Det dreiar seg altså om fleirtalsforma i det me kallar svake hokjønnsord. Likeins som nordmøringane har dei fleste romsdalingane ei spesiell fleirtalending i desse orda. I noverande Fræna kommune, dessutan på Gossa og nørdeste enden av Otterøya brukar ein endinga *-å*. Utasundingane i Romsdal er altså delt i dette spørsmålet, og det viser nok at dei sørste øyane har blitt påverka frå sunnmørsk fram gjennom tidene, for ein *-å*

(eller ein *-o*) er den eldste av desse bøyingsformene. Men «smitten» sørfrå har au nådd Bjørnsund, for ein kan høyre folk der snakke om *to krone* for *to kronå*.

Folk i stordelen av landet bryr seg ikkje om å gjere forskjell på det ein skriv *nn* og *nd*, dvs. at dei uttalar *sand* og *sann* på same måten. Mange seier *sann*. Nordom Dovre er det fast med *saŋŋ* som uttale på begge orda, dvs. ein *n*-uttale med *j*-klang i seg. (Derfor hektar me på denne vesle *j*-kroken på bokstaven!) Jamfør den velkjende trønderske herma med *Ein maŋŋ me ei haŋaŋkaŋŋspanŋ i deŋŋ høger haŋŋa å ein*

han̩h̩on̩ i ban̩ i den̩ vin̩ster han̩a. Frå Sunnmøre og vidare sørover Vestlandet uttalar ein derimot *nd* i dei orda ein skriv slik i. Romsdal er heilt splitta i dette spørsmålet om lojalitet til sør, nord eller aust. Det me kunne kalle det nordafjelske systemet, finn me i Fræna kommune, medrekna Nørde Bjørnsund. Dessutan følgjer Sporsem på Gossa med. Der heiter det då *ei han̩* og *å sen̩e*. Skrivemåten *nd* blir altså uttalt som *n* med *j*-klang.



Kart 2: Uttalen av *hand* og *sende*

Innover Langfjorden og Fannefjorden heiter det *ei hann* og *å sænne*, *å vænne*. Det svarar til det austlandske systemet. Men søre og vestre delen av fogderiet (dvs. Eikesdalen, Rauma, Vestnes, Midsund, Sandøy og Aukra) har ei spesiell løysing: Ein uttalar *d*-en når det kjem vokal etter. Dermed får ein former som: *ei hann* - *å sænde* og *å vænde*. Dette er eit system me finn rundt Dovre, dvs. øvst i Gudbrandsdalen og sørst i Sør-Trøndelag og i Sunndalen. Me kan seie at dette er eit slags mellomsystem mellom reint vestlandsk og reint austlandsk.

Bjørnsund-samfunnet ser ut til å bli klove her: Mens Nørde hadde det nordafjelske systemet fullt ut, har Søre dette mellom-

systemet.


Men det er ikkje nok med denne oppsplittinga. I ein del av siste området har det oppstått enda ei kryssing, nemleg med det trønderske med *j*-klang i uttalen, slik at dei seier *ei han̩* og *å sen̩e*, *å ven̩e*. Her er det altså fleire system som overlappar, og dét er ikkje rart når ein er i naboskap med ulike dialektar. Til dette siste området høyrer Søre Bjørnsund, Gossa (minus Sporsem) og nørde enden av Otrøya. Så her har øyamannen ikkje blitt einig med seg sjølv! At bjørnsundingane har vore under dobbelpress, ser me av at sørøyingane seier *han̩a*, sjølv om dei har uttalen *sen̩e*. Dei er altså ikkje konsekvente i uttalen framom vokal. I resten av søre og vestre delen av Romsdal, heiter det regelrett *hand*a.

Eit anna dialektdrag som tøyser seg frå Trøndelag og Nordmøre inn i Romsdal, er at ein uttalar diftongen *ei* som ein monoftong *e* når det kjem konsonant etter. Ein seier altså ikkje *sein* med diftong, men med ein open *e*-lyd, som me skriv *e*: *sen̩*. Her har nesten

heile Romsdal falle for angrepet frå nord, kanskje så seint som på 1800-talet. Men i Sandøy og på Bjørnsund kan me finne ein god del uttale med diftong enno; eg har notert meg f.eks. *f̊teire*, *heile*, *bei* (= fleire, heile, blei) hos eldre bjørnsundingar.

Nokre mindre forskjellar mellom romsdalsbygdene

Hittil har me sett på korleis nokre av dei store dialektgrensene i landet skjer seg ut mellom Romsdalsøyane. Me kan au nemne særdrag som skil ut enkeltbygder innafor fogderiet. Å snakke på i-en, som somme seier, dvs. å seie *sikkel* for *sykkel* osv., har vore mest gjennomført i Hustad sokn og på Gossa her i Ytre Romsdal. Men gamle Bud og Fræna kommunar (medrekna Bjørnsund) og delar av Midsund har au hatt mykje av slik uttale, slik at herma «siv å tive stigge dir krip på riggja dine, Sivert» passa nok godt på svært mange personar her au. Men uttalen har har skifta frå person til person. I dag finn ein mindre av dette, for y-en har ete seg inn att hos dei unge. Det er nok fordi det av ein eller annen grunn er blitt vanleg å latterleggjere dette fenomenet i norsk, endå så mange andre respekterte språk har akkurat det same draget. Fenomenet blir kalla *itakisme*, fordi det i si tid var ei særdrag for øya Itakos i Hellas!



Kart 3: Området der mange brukar i for y. (Eks. *sikkel*)

I Romsdal skil Fræna kommune seg ut med at dialekten har ein open *e*-lyd framom *g*, *ng* og *k*, slik at *egg*, *seng* og *sekk* heiter *ægg*, *sæŋ* og *sækk*. I resten av Romsdal lyder desse orda som *egg*, *seŋ* og *bekk*. (I bestemt form, der ein fær *j*-klang på konsonanten bak, har derimot alle romsdalingane *ɛ*-lyden, f.eks. *sekkjɪŋ* = 'sekken'.) Det «frænske» systemet rår på Nørde Bjørnsund, mens Søre følgjer Romsdal elles. Dette er altså eitt av dei dialektdraga der bjørnsundingane skilst åt.


Dette skiljet går delvis likeins for *i* og *y* framom *g*, *ng* og *k*, for i Fræna og på Nørde har ein ofte *e* og *ø* i desse tilfella. Derfor seier mange sørøyingar *sikker* og *bygg*,

mens nørdrøyingane og fastlandsfræningane seier *sekker* og *bøgg*.

Dialekten i Sandøy kommune skil seg frå resten av øyamålet med å ha endinga *-en* der me andre har *-in*: Romdalingar flest (unnateke byfolket) seier altså *hekken* og *dropen*

med *-in* til slutt: *hekk̄in*, *dråpin*. Sandøyingane seier *hekk̄en* og *dråpen*. Dei har her slege lag med sunnmøringane, mens utasundsdiakten elles held seg til fastlandsromsdalsk.

Derimot har sandøyingane fått med seg mange bjørnsundingar i å bruke kort vokal framom *n*, som i *sånn* - *sånne*, *mænna* og i *skonnå*, dvs. *son* - *søner*, *meiner* og i *skorne*. Andre romsdalingar seier *sån* - *såne*, *mēna* og i *skonå*.



Kart 4: æ framom *k*, *g* og *ng*. (Eks.: *vægg*)

I desse stadige invasjonane frå sør og nord har fastlandet fått grepet på Bjørnsund i eitt drag: Bjørnsundingane brukar likeins som folket i Fræna kommune *dæræ* i dativ av pronomenet *dei*. Dei som framleis er støe i dativbruken sin, vil forstå denne setninga eg har notert etter ein bjørnsunding: «*de va ei hænne fær dæræ, sørø*». (I skrift blir det: «Det var eit hende (=ei storhending) for dei, ser du». Romsdalingar elles har inga spesiell dativform av pronomenet *dei*.

Men i ein annen dativbruk har bjørnsundingane – i alle fall dei eldre – ikkje slege følgje med folket på fastlandet. Bjørnsundingen seier «*Dei ligg væstei Røra*» og «*Hann fekk na lyr'n nårme K̄l̄āk̄k̄in*».


Desse retningsorda som *vestei* (= vestafor) og *nårme* (= nord ved) tek ikkje dativformer etter seg på Bjørnsund. Det gjer dei på fastlandet: *væstei Rør'n* og *nårme K̄l̄āk̄k̄a*.

Smeltegryte

Me kunne ha teke med endå fleire detaljar i desse opprekningane av forskjellar. Men dette skulle vere nok til å illustrere at ein dialekt er ei blanding av drag som viser fellesskap i ulike retningar i dialektgeografien. Det særmerkte for kvar bygd er den spesielle blandinga, og den kan me bruke til å vise den lokale identiteten vår. I det perspektivet ville det kanskje høve betre å tale om ei spesiell *språkleg legering*!

Historisk kan det nettopp vere interessant å sjå på dialekten som ei legering som kjem ut av ei smeltegryte, for fram gjennom tidene er det blitt helt forskjellige slags metall opp i den sosiale gryta som kvar bygd utgjer. Språket oppstår og utviklar seg i denne stadige

nærkontakten mellom menneska som lever og arbeider saman. Dialekten på Bjørnsund er såleis legeringa som kom ut av språket åt dei som flytta dit i si tid, truleg på 1500-talet,



Kart 5: Svake hankjønnsord i best. form eintal (Eks. *dråpen*)

og så vidareutvikla av all seinare tilflytting og inngifting. Kanskje kontakten med folk som kom til været for å drive sesongfiske, kunne au verke noko inn. Med fiskeriet som næringsveg blei Bjørnsund liggande i mange språklege frontlinjer, for her var kontakten med andre stor. Folk reiste ut ei tid, andre kom utafrå og slo seg ned.

Dei stadige skiftande kontaktane gjer at dialekten au er i stadig endring, raskt eller seint. Og mange av dei grensene eg nemnte ovafor, stemmer nok ikkje for alle innbyggjarane. Eit språkdrag kan skifte noko frå hustand til hustand, alt etter f.eks. kva inngifte som har vore i familien.

I dag er dialekten på Bjørnsund snart historie, for eit felles språk føreset eit levande

samfunn med samhald mellom fleire generasjonar. Men for dei som har vakse opp på Bjørnsund, kjennest nok dialekten framleis som eit uttrykk for den fellesskapen som rådde.